

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	25.02.2015	019/15	OHM

Saksansvarleg Svein Helgesen	Arkiv: K1-250 Objekt:	Arkivsaknr 14/524
---------------------------------	--------------------------	----------------------

KOMMUNEREFORM - UNDERVEGSRAPPORT FRÅ STYRINGSGRUPPA

Vedlegg:

1. Undervegsrapport frå styringsgruppa, pr. 10.02.2015

Saksutgreiing:

Politisk styringsgruppe for kommunereforma blei nedsett av kommunestyret i møte 3.september 2014, jf. vedtak KS-056/14.

Rådmannen viser til rapport frå styringsgruppa til formannskapet, som er vedlegg 1 i denne saka. Mål med denne undervegsrapporten og utfordringar til drøftinga i formannskapet er oppsummert i del 6 i rapporten:

«6. Oppsummering

Målet med denne første undervegsrapporten er å orientere formannskapet om fokus og framdrift i styringsgruppa sitt arbeid med kommunereforma. Styringsgruppa ser det som naturleg at rådmannen sender rapporten over til Fylkesmannen som informasjon om status i det lokale arbeidet med kommunereforma. Styringsgruppa meiner i tillegg, jf. 3b, at kommunen bør melde til Fylkesmannen behov for ekstra midlar til finansiering av ekstern fagleg bistand for å få vurdert nærare Finnøy sine særskilde utfordringar (geografi og infrastruktur) i lys av kommunereforma.

Styringsgruppa er ikkje kome så langt i konkret analyse av ulike scenario/alternativ at det pr i dag er grunnlag for ei brei politisk drøfting av dette i formannskapet. Styringsgruppa ønskjer likevel å utfordre formannskapet til å gi innspel i forhold til følgjande hovudspørsmål: Kva bør Finnøy kommune ha aller mest fokus på i «nabopratar» med andre kommunar .

I tillegg ønskjer styringsgruppa ev. synspunkt/innspel i forhold til følgjande punkt:

1. *Prioritering av hovudscenario/alternativ, i tillegg til «nullalternativet».*
2. *Deltaking i regionale prosessar.*
3. *Foreslått framdriftsplan.*
4. *Innbyggjarinformasjon/-medverknad.»*

Vurdering:

Rådmannen viser til omtale i punkt 3d) om invitasjon frå Stavanger kommune om å delta i administrativt utgreiingsarbeid knytt til kommunereforma, med arbeidsgrupper for følgjande tematiske område: 1) funksjonelle samfunnsutviklingsområder, 2) lokaldemokrati og 3) tenesteproduksjon. Rådmannen har meldt tilbake til Stavanger at Finnøy kommune ønskjer å være med i dette utredningsarbeidet. Rådmannen viser til at kommunen gjennom dette vil få tilgang til analyser, fakta og vurderingar som vil vere nyttig grunnlag for og innspel til styringsgruppa sitt arbeid og prosessen lokalt i Finnøy.

Rådmannen konstaterer at styringsgruppa har kome godt i gang med arbeidet. Rådmannen har elles ingen merknader til rapporten.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet tek saka om undervegsrapport pr. 10.02.2015 til etterretning.

FSK-019/15 VEDTAK 25.02.2015:

Gro Skartveit (V) fremja følgjande forslag: «Formannskapet vil at styringsgruppa v/forhandlingsutvalet bed om innleiande samtalar med Rennesøy, Randaberg, Kvitsøy og Stavanger». Vedteke med 7 røyster (V, AP, SV, H, KRF, Einar Egeland (Uavh.)).

Vedtak:

Formannskapet vil at styringsgruppa v/forhandlingsutvalet bed om innleiande samtalar med:

- Rennesøy, Randaberg, Kvitsøy
- Stavanger

Elles tek formannskapet saka om undervegsrapport pr. 10.02.2015 til etterretning.